

1 FAGLIG 1. mai FRONT 1978



Enhet på
klassekampens grunn!

SOVJET BOMBAR FRIGJORTE OMRÅDE I ERITREA.



Sovjet har no mellom 10 og 20 000 kubanske leigesoldatar på Afrikas Horn. Saman med tusenvis av sovjetiske "rådgjevarar" held dei det etiopiske regimet til Mengistu oppe. Dagsrevyen har vist at tusenvis av etioparar blir massakrert på open gate. Dei held all opposisjon nede med blodig terror. Dei har hærtatt Ogadenprovinsen. Dei har bomba frigjorte område i Eritrea. No rustar dei seg til å knusa heile det frigjorte Eritrea.

Men dei vil møte motstand: Frå det eritreiske folket som har kjempa i 17 år for fridom, frå det undertrykte etiopiske folket og frå ei veksande solidaritetsrørsle over heile verda.

Liksom vi for ti år sidan kravde USA ut or Indo-Kina, må vi i dag kreve SOVJET ut or Afrikas Horn. Derfor må vi 1.mai 1978 reise parola:

**Seier for
Eritreas
frigjørings-
kamp**

**SOVJET UT
AV AFRIKAS
HORN**





ISRAEL HELD FRAM MED OKKUPASJONANE.

Sidan 1948 har Israel dreve palestinarane frå landet deira. Enno ein gong har dei gått til åtak på ein nabostat. Denne gongen er det Libanon som er offeret. Endå ein gong nektar dei å bøye seg for krav frå verdsopinionen og FN. Dei bit seg fast i dei sørlege delene av Libanon. Dei har bomba flyktningeleirar, landsbyar og sjukehus og dei har dreve hundretusenar libanesarar og palestinarar på ny flukt. Skulle dei vera utan vår støtte 1.mai? Parola vår må vere:

**STØ FOLKA I PALESTINA
OG LIBANON -
MOT ISRAELS AGGRESJON!**

DE VIL AT ARBEIDERKLASSEN SKAL BÆRE BYRDENE AV KRISA


6000 arbeidsplassar skal vekk i skipsbyggingsindustrien. Det foreslår Ulveseth-utvalet for å berge redarkapitalen ut av den økonomiske krise. Lønnsnedslag ved tariffoppgjeret foreslår regjeringa og NAF.

LO-leiarane gjer det eine tilbaketog etter det andre. No kjøpslår dei om den nye sjukelønordninga som skulle innførast til sommaren. Dei pratar om lågtlønstillegg på nokre øre medan alle veit at prisstiginga dreiar seg om kroner. Vi veit no at resultatet av forhandlingane vil bety nedslag i løna. Krava frå klubbar og foreningar ligg forlengst i papirkorga. Offentleg statistikk har vist at eigarinntektene i fjor steig med 17%. Er det likevel vi som skal betale krise? NEI, 1.mai reiser me kravet:

**MOT KRISEPOLITIKKEN
TIL REGJERINGA OG NAF
- STEM NEI TIL NEDSLAG
I LØNA!**

I Bergen er BMV-bedriftene truga av Ulvesth-utvalet og planane til regjeringa. Ved Sverre Munck og Bergen Jernstøperi har det vore driftsinnskrenkingar. Oppseiingar blir vurdert. Arne Fabrikker ventar på den endelege dødsdommen. Difor er det eit sentralt krav:

**FORSVAR INDUSTRI-
ARBEIDSPLASSANE
I BERGEN - MOT
OPPSEIINGAR OG
NEDLEGGINGAR!**



LO-ledelsens forhandlingskrav ble framstilt som «10,9%». Men det viste seg snart at de tar sikte på null. For alle som bare får tariff tillegg kan resultatet bli et nedslag i reallønna på 10 %!

YTRINGSRETTE ER TRUGA I NOREG!

I februar ble fem opposisjonelle dømt i Gulating lagmannsrett. "Brotsverket" var: Dei hadde drege fram 30 år gamle påstandar om leiande embetsmenn sine gjeremål under krigen. I 1946 sto desse påstandane i avisene. Då var dei tillete utan reaksjonar frå påtalemakta. I 1978 vert det bøtelagt.

Dei vart og dømte for å sei at politimeister Bryhn vart "sparka oppover" frå sjefsstillinga si i overvakingspolitiet til politimeister i Bergen. Statsminister Borten stadfesta denne påstanden i vitneboksen. Likevel vart dei dømde.

Bryhn-saka er berre ein av dei politiske prosessane som har blitt ført mot opposisjonelle det siste året:

Bjørn Nilsen vart dømt i Bergen byrett for å ha intervjuet ein mann i TV som påsto at ein bolig-hai hadde gått konkurs. Det var ikkje mannen, men selskapet hans som var konkurs.

Den såkalla listesaka står for døra. 1.mai krev vi:

FRIFINN DEI TILTALTE I BRYHN-SAKA OG LISTE-SAKA - FORSVAR YTRINGSRETTE.



NEI TIL YRKESFORBOD OG POLITISK OVERVAKING!

to tog...

I Bergen går det to tog 1.mai. Det eine er Bergen Faglege Samorganisasjon sitt tog. Det andre er Fagleg 1.mai-front.

Vi har vist ein del av kva Fagleg 1.mai-front står for. Men kva står Samorg. for? I hovedparolene sine seier dei INGENTING om Sovjet si bombing i Eritrea. Dei tek ikkje opp Israel sin okkupasjon av Sør-Libanon. Dei nemner ikkje tariffoppgjeret med eit ord. Yrkesforbod og svartelisting eksisterer ikkje for dei.

Kva krav reiser så DEI ?

Vi tek med nokre døme:

"TEKO- industrien i vårt land må fortsatt styrkes". FORTSATT? Teko-industrien har vore svekka og nedlagt i årevis.

"Ny skattereform må komme."

Kva for ein skattereform? Er det støtte til heving av momsen, slik direktøren i Noregs Bank har foreslått?

"Tariffavgift innføres" og "Organisasjonsplikt der flertallet er for det." Samorg. ønsker slutt på friviljug fagorganisering.

Slik blir toget eit støttetog for imperialistisk aggresjon og for regjeringa sin arbeidardiendslege politikk.

Det skulle ikkje vere vanskeleg å velje tog i Bergen 1978.

I Fagleg 1.maifront har det alltid gått folk med forskjellig politisk oppfatting. Det som samlar oss er semje om ei eller fleire viktige saker. Parolen for dagen er EINSKAP PÅ KLASSEKAMPENS GRUNN. Organisasjonar og einskildpersonar kan slutta seg til toget på grunnlag av ein eller fleire hovudparolar, evt. underparolar dei sjøl kan foreslå. Desse må ikkje stå i motstrid til hovudparolene.

SLUTT REKKENE I KLASSEKAMPTOGET!

KL. 12.00 PÅ FISKETORGET 1/5.



hovedparoler

- enhet på
klassekampens grunn!

Kamp mot all imperialisme,
Kamp mot monopolkapitalen,
Kamp mot klassesamarbeid og
Kamp mot all kvinneundertrykking.

vedtekne på Generalforsamlinga 11/4

SIGER FOR FRIGJERINGSKAMPEN I ERITREA=SOVJET UT OR AFRIKAS HORN
 STØ FRIGJERINGRØRSLENE I DET SØRLEGE AFRIKA=USA OG SOVJET UT
 ISRAEL UT OR LIBANON=STØ FOLKA I PALESTINA OG LIBANON
 MOT KRISEPOLITIKKEN TIL REGJERINGA OG NAF=STEM NEI TIL LØNNSNEDSLAG
 FORSVAR INDUSTRIARBEIDSPLOSSANE I BERGEN=KAMP MOT OPPSEIINGAR OG NEDLEGGINGAR
 FULL STØTTE TIL DEI STREIKANDE BUSSFØRARANE
 VEKK MED NEMNDENE OG RESERVASJONSRETTEEN=SJØLBESTEMT ABORT NO
 UNGDOMMEN KREV UNGDOMSHUS KOR DEI SJØL BESTEMMER
 ARBEID TIL UNGDOMMEN
 NEI TIL RENTEAUKE OG KORTARE NEDBETALINGSTID PÅ STUDIELÅN
 AVVIS SOVJET SITT PRESS PÅ SVALBARD OG I BARENTSHAVET
 KAMP MOT NAZISMEN=FORBY NORSK FRONT
 MOT ALL RASISME=EINSKAP FRAMANDARBEIDARAR OG NORSKE ARBEIDARAR
 NEI TIL REINDRIFTSLOVA=FORSVAR SAMANE SINE NASJONALE RETTAR
 VI KREV HANDLING, IKKJE VALFLESK=HEV MINSTEPENSJONEN TIL 25000 STRAKS
 FRIFINN DEI TILTALTE I BRYHNSAKA OG LISTESAKA=FORSVAR YTRINGSRETTEEN
 NEI TIL YRKESFORBOD OG POLITISK OVERVAKING
 NEI TIL FIRE FELT I HELLEVEIEN OG SJØGATEN=BEVAR SANDVIKEN
 KREV RETT TIL NYNORSK I BERGENSSKULEN=STRI MOT MÅLTYNARANE I SKULELEIINGA
 FOR EIT SOSIALISTISK NOREG

MASSEKONFERANSE

på Studententeret mandag 17. april kl. 19.00

OPPMARSJ

med hovedparolene frå Festplassen kl. 18.00

Stein & Jord

lokale kulturkrefter
presentasjon av fronten
i tekst og bilete

innsamling og gruppediskusjon
opne for alle interesserte!

for første gong
i Bergen!

